



## NOTAT

Arkivsaksid 16/1385

Frå: Tenesteområde Plan, utbygging og kommunalteknikk

Til: Formannskapet i møte 01.06.2016

### **F-sak 61/2016 – Tiltakspakke for auka sysselsetting**

---

I Statsbudsjettet for 2016 er det sett av ei tiltakspakke for auka sysselsetting. Tilskotet er fordelt mellom kommunane med eit likt kronebeløp per innbyggjar utan søknad, om lag kr 96,- pr innbyggjar, i følge skriv frå Fylkesmannen i Hordaland datert 07.10.2015.

I revidert nasjonalbudsjett for 2016 er det sett av nye midlar som tiltak for å auka sysselsettinga, der Meland får kr 963 000,-. Jf skriv frå Fylkesmannen datert 23.05.2016. Etter budsjettdrøftingane mellom samarbeidspartane i Stortinget skal denne summen vere auka til om lag 1,5 mill for Meland sin del, i følge media, men dette er ikkje skriftleg stadfesta enno.

I beste fall har Meland litt over 2 mill kr å bruke på vedlikehald og rehabilitering av skular, sjukeheimar og omsorgsbustader eller andre bygg og anlegg som er eigd av kommunen eller kommunalt føretak. Summen må verifiserat, men i alle høve er det midlar til å få gjennomført fleire tiltak som ikkje er prioriterte i handlingsdelen til vedlikehaldsplanen for kommunale bygg, 2016.

Framlegg til tiltak, i prioritert rekkefølge frå tenesteområdet si side:

1. Maling av Lerketunet og omsorgsbustadene (Tiltaket står i vedlikehaldsplanen men ikkje prioritert der). Erfaringsmessig inneber dette ein kostnad på kr 170 000,- for tomannsbustad. Anbod for eit større tal bygningar vil kunne redusere kostnaden.
2. Skifte taket på kyrkjestova, grovt rekna til kr 190 000,-. Eventuell etterisolasjon eller skifting av taksperrer er ikkje medrekna. Tette taket (supplere med takstein) står i vedlikehaldsplanen, pga hol og lekkasjar, men det er avdekkja mykje meir omfattande arbeid pga råteskader.
3. Ventilasjonsanlegg svømmehall Rosslund. Står ikkje i vedlikehaldsplanen, då mindre innvendige utbetringar og reparasjonar er meint å gjere situasjonen tilfredsstillande. Grovt kostnadsrekna til kr 850 000,- for ein del år sidan.
4. Skifte gamle vindauge i rådhuset bygg A (trekkfulle vindauge, medfører energitap og er problematiske i høve solskjerming) (Tiltaket står i vedlikehaldsplanen men ikkje prioritert der)
5. Reparere fortauskantar og legge nytt dekke Havnevegen.

Frekhaug 31.05.2016

Anny Bastesen  
Sektorsjef teknisk